

Arrangerer kjøtfest på Jæren

Kjøthandler Idar Håland, hjå slaktarbutikken Håland Kjøtt AS, tar initiativ til det han håpar blir eit årleg arrangement; ein kjøtfest, som blir lagt til den mest husdyrrike regionen i Norge, Jæren.

Kjøtfesten «Håve te hale» blir arrangert i Klepp, på utsida av slaktarbutikken, mellom Klepp rådhus og Jærhagen, laurdag 16. juni, klokka 12-17.

– Me vel å løfta fram kjøt i ei tid der det blir snakka mykje om at det er noko me bør eta mindre av. Ønsket med kjøtfesten er ikkje å få folke til å ete meir kjøt, men å fremje kunnskap og medvit om godt kjøt, og om ressursutnytting, seier Idar Håland.

– Me byr på eit knippe artistar, små og lærerike foredrag, og presentasjon av slaktar og superstjerne Dario Cecchini frå Panzano i Italia. Det blir kurs og demonstrasjonar for dei som vil lære noko nytt, og i dei ulike salsbuene kan du kjøpe smaksrettar med forskjellige kjøtprodukt av veldig god kvalitet, freistar kjøthandlaren.

Kjøthandler Idar Håland.
Foto: Tore Myrstad



Norges Bygdekvinnelag har fått UNESCO-status

Generalforsamlingen i UNESCO vedtok i Paris 5. juni, å gi Norges Bygdekvinnelag status som en rådgivende organisasjon innen immateriell kulturarv og ekspert på tradisjonell matkunnskap.

UNESCO er FN's organisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon.

Kulturarv handler ikke bare om kulturbbygg og vern av unike natur- og kulturområder, men også om tradisjoner og levende kulturer som er overført fra generasjon til generasjon.

UNESCO-status: Norges Bygdekvinnelag har fått status som en rådgivende organisasjon under UNESCO, innen immateriell kulturarv og ekspert på tradisjonell matkunnskap. Lefsebaking er bare én av mange mattradisjoner som Bygdekvinnelaget bidrar til at får leve videre. Illustrasjonsfoto.



Bygdekvinnelaget er ikke første organisasjon som blir akkreditert som en rådgivende organisasjon under UNESCO. Blant annet har Norsk Husflidslag fått denne statusen tidligere.

For å gjøre norsk tradisjonsmat mer tilgjengelig for folk og for å holde kunnskapen i hevd, lanserte Norges Bygdekvinnelag i 2017 nettsiden www.norsktradisjonsmat.no. Det er til nå blitt publisert 900 oppskrifter på populære tradisjonsmatretter.

Attval på Bondetinget

Valet under Norges Bondelag sitt årsmøte sist veke gjekk føre seg utan dei store kontroversane. Trøndaren Lars Petter Bartnes vart attvald som leiar og går inn i sitt femte år som leiar. Bjørn Gimming frå Østfold er første nestleiar, medan hordalendingen Frøydis Haugen held fram som andre nestleiar. I styret elles vart Birte Usland frå Vest-Agder, John-Erik Skjellnes Johansen frå Nordland og Arne Elias Østerås frå Hedmark (Felleskjøpet), attvalde. Merethe Sund frå Nordland (Nortura) vart vald til styremedlem for eitt år. Bodhild Fjelltveit frå Hordaland vart attvald som første varamedlem. Einaste rogalendingen i styret, Arnstein Røyneberg, var ikkje på val i år. Det var heller ikkje Asle Domseth frå Trøndelag (Tine) og veteranen frå Hedmark, Einar Frogner.

Ny leiar av valnemnda for 2019, er rogalendingen Sonja Herikstad Skårland.



Lars Petter
Bartnes
Arkivfoto